



Laurdag byrjar rigginga på Festivalområdet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Festidalen er ein stordugnad og leiinga treng enda fleire enn dei som har meldt seg til no til å vera med på dugnaden. Sveinung Mæland Pile opplyser at dei hadde ein stab på 120 i fjor. Førabels har dei no rundt 100 på listene og av dei er det 70 vakter. Men det trengs fleire, ikkje minst til laurdagen.**

Det kjem også profesjonelle vaktar frå Bergen.

- Dei som ellers har sagt seg viljuge til å hjelpa oss kjem frå heile Kvinnherad, her er indre og ytre luten i skjønn foreining, seier Sveinung.
- I fjor var det ei skikkeleg, inspirerande oppkøyring i Bøkkerverkstaden for dei friviljuge, blir det noko tilsvarende i år?
- Jau, laurdag kveld blir det fest for heile staben, men dette året vil den gå føre seg i det første teltet vi set opp inne på sjølve festivalområdet. Der startar vi rigginga denne dagen. Og hvis vi går i pluss under festivalen, kan eg lova at det i tillegg blir ein stor haustfest!

Festidalen 2007 er i også lagt opp som eit familie-arrangement og det set sitt preg på programmet laurdag føremiddag. Frå klokka 11 til 14.30 vil det skje mykje. Då blir det i natursti, riding, barnefilm i eige telt og eventyrstund.

Laurdag ettermiddag blir det quiz (mest for vaksne) ved Roald Nissestad som har hatt stor suksess med denne tidas slager på Husnes.

- På serveringssida bør det nemnast at Isrosa frå Herøysund stiller opp – som det framgangsrike firmaet plar gjera på festivalar, seier Sveinung.

Ellers har det ikkje berre økonomiske konsekvensar å leiga inn Turboneger. Det krev også ekstremt mykje straum. Arrangørane har tinga tre gonger så mykje som i fjor og det er vesentleg på grunn av dette bandet!

- Er festival-leiinga redd for klagar frå lokalt hald over at det blir for mykje bråk?
- Slett ikkje, vi trur ikkje at klagene kjem. Eg trur naboar og andre i dalen synes det er kjekt med ein slik happening ein gong i året.

- Kva så med den musikalske målsetjinga, Sveinung?

- Festidalen skal vera prega av høg og aukande kvalitet, vi skal stilla opp med dei beste banda som vi på noko vis kan skaffa – sjølvsagt innan ei forsvarleg økonomisk ramme.

Av Ola Matti Mathisen